



KVINNHERAD
K O M M U N E

Veg og park

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Terje Natland	995 74 121	2023/3292-1		12.10.2023

Ønske om nedsett fartsgrense til sone 30 km/t - Kv1231 - Nedre Sæbø - Halsnøy

Kvinnherad kommune har ønske om å sette ned fartsgrense på kommunal veg K 1257, Nedre Sæbø på Halsnøy.

Vegen er smal, uoversiktleg og har stor trafikk. Vegen blir i stor grad brukt av mjuke trafikantar og mange yngre som skal til og frå Tofte / Landamarka til Sæbøvik. Kommunen har ønske om å flytte meir av gang- / sykkeltrafikken ned på denne vegen og bort frå Fv500.

Kvinnherad kommune ønsker å sette ned fartsgrensa i området til 30 km/t, og merke dette som sonегrense med skilt nummer 366.0 ved avkøyring frå Fv500 til K1231 og med skilt nummer 368.0 ved utkøyring til Fv500 i begge ender.


Vi har tidlegare sendt spørsmål om skilt nr 362, 30km/t på høyring til Vest politidistrikt, sjå vedlegg. Dei er positiv til tiltaket som det går fram av deira svar.

Kvinnherad kommune har følgjande ønske:

Med heimel i skiltforskrifta §26 nr1, 2. og 3.ledd, bed Kvinnherad kommune Statens Vegvesen om å gjere vedtak om å sette ned fartsgrensa på kommunal veg Kv1231, Nedre Sæbø på Halsnøy.

Ny fartsgrense blir 30 km/t som sone, og merkast som sonегrense med skilt nummer 366.0 ved innkøyring på K1231 og med skilt nummer 368.0 ved utkøyring frå K1231 til Fv500 i begge ender. Plassering: Skilt 366.0 blir sett opp på høgre side av vegen ved start fartsgrensesone i begge retningar.

Kart som viser planlagd trase og område for sone 30 km/t på og ved Kv1231:



Koordinater for plassering ligger i vedlegg
Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Terje Natland
Einingsleiar - Veg og park

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Kristin Hagen Hæreid
3 Vedlegg